



Førebygg forgifting hos barn

Barn i aldersgruppa 1 til 4 år er særleg utsette for forgiftingsuhell både i og utanfor heimen. Det er viktig å vere merksam på farane for å unngå forgiftingar.

Produkt og kjemikaliar

Kjemiske produkt til hus, bil og hage finst i mange heimar. Rett oppbevaring av slike produkt er viktig for å førebygge forgiftingsuhell.

- Bruk alltid originalemballasje. Hell aldri produkt over på andre flasker.
- Oppbevar kjemiske produkt forsvarleg, og hald dei utanfor rekkevidda til barnet.
- Hald alltid tilsyn med produkt under bruk når barn er i nærleiken.
- Ikkje stol på barnesikra lukkemekanismar. Erfaring tilseier at barn klarar å opne desse.
- Faremerking på emballasje kan vere forvirrande. Produkt utan faresymbol kan òg medføre forgifting.

Snus og andre nikotinhaldige produkt

Nikotinhaldige produkt som snus, nikotintyggegummi og e-sigarettvæske kan føre til forgifting. Oppbevar alltid snus og andre produkt som inneheld nikotin utilgjengeleg for barn.

Når barn smakar på snus, nikotintyggegummi eller sigarettar, vil mengda nikotin i produktet vere avgjerande for om barnet kan observerast heime, eller må følgast opp av lege. Ved svelging av e-sigarettvæske med nikotin er sjølv ei lita mengde farleg - ring 113.



Legemiddel

Éin tablett kan i nokre tilfelle vere nok til å gi alvorleg forgifting hos barn. Ikkje berre reseptpliktige legemiddel kan vere farlege, reseptfrie legemiddel kan òg gi forgifting.

- Oppbevar alle legemiddel utilgjengeleg for barn.
- Bruk rett doseringsutstyr som sprøyte, målebeger eller måleskei til flytande legemiddel.
- Unngå forveksling av medisinar, sjå alltid godt på emballasjen og etiketten.
- Bruk medisinen slik lege eller apotek har forklart. Les bruksrettleiinga nøye.
- Rett bruk og oppbevaring av medisinar er viktig, òg når du er på reise.

Plantar

Dei fleste plantar er lite farlege å smake på, men det finst òg plantar som kan gi forgifting sjølv ved ein liten smak.

Giftinformasjonen identifiserer ikkje plantar, men gjer ei vurdering ut frå tilgjengeleg informasjon. Det er viktig å utelukke dei giftigaste plantane.

Plantar endrar utsjånad gjennom heile vekstsesongen, som kan gjere identifisering utfordrande. Plante-appar kan vere til hjelp med identifisering, men må brukast med dei atterhalda som gjeld. «Artsorakelet» til Artsdatabanken er eit døme, og baserer seg på plantar i norsk natur. Giftinformasjonen har biletgalleri og informasjon om mange plantar på helsenorge.no. Her finn du òg ein A til Å liste med bilete, og du kan lese meir om planteforgiftingar.

- Namn på stoveplantar er ofte oppgitt på blomsterpotta.
- Plante-appar til identifisering kan nyttast med dei atterhalda som gjeld.
- Eit plantesenter eller ein gartnar kan vere til hjelp.
- Bruk alltid fleire kvalitetssikre kjelder til å identifisere plantar.
- Gjer deg kjend med plantar du har heime og i hagen. Sjekk kor giftige dei er på helsenorge.no.



Sopp

Det finst soppar som er så giftige at sjølv ein smak kan føre til forgifting. Noregs giftige soppar er alle skivesoppar. Du kan lese meir om ulike soppar på Giftinformasjonens sider på helsenorge.no.

Når uhellet er ute, kan Giftinformasjonen hjelpe til med å identifisere soppen der det er nødvendig, og gi råd om vidare oppfølging. Ta vare på sopp eller restar som er etne. Ha soppen tilgjengeleg når du ringer. Alternativt kan gode bilete vere til hjelp.

Generelle førstehjelpsråd

Ved svelging

- Fjern eventuelle restar.
- Skyl munnen og gi litt drikke.
- Brekkingar skal vanlegvis ikkje framkallast heime.
- Ring Giftinformasjonen for råd om vidare oppfølging.
- Ved inntak av etsande produkt eller ved alvorlege symptom, ring 113.

Medisinsk kol er spesialbehandla kol som kan vere nyttig å gi ved nokre forgiftingsuhell. I mange situasjonar er det ikkje nødvendig eller ønskeleg å gi det. Kol er uheldig å få i lungene, og skal derfor ikkje givast til barn som er motvillige, sløve eller kastar opp. Kontakt alltid Giftinformasjonen for vurdering før medisinsk kol blir gitt.

Ved søl i auget

- Skyl med rennande, lunkent vatn eller fysiologisk saltvatn så fort som mogleg.
- Hald augelokka frå kvarandre, og få vatnet inn på sjølve augeeplet.
- Fjern eventuelle kontaktlinser.
- Skyljetid er avhengig av kva du har fått på auget, og kan variere i alt frå minutt til timar.
- Ring Giftinformasjonen for råd om vidare oppfølging medan du skyl.



Ved søl på hud

- Skyl med rennande vatn så fort som mogleg.
- Skyljetid er avhengig av kva du har fått på huda, og kan variere i alt frå minutt til timar.
- Ring Giftinformasjonen for råd om vidare oppfølging medan du skyl.

Giftinformasjonen – kven er vi?

Giftinformasjonen er ein nasjonal, døgnopen rådgivingsteneste tilgjengeleg for privatpersonar, helsepersonell og andre. Giftinformasjonen vurderer faren for akutt forgifting i ulike situasjonar, og gir råd om korleis dette skal følgast opp.

Avdelinga er ein del av Folkehelseinstituttet og består av rådgivarar og seniorrådgivarar med relevant utdanning og opplæring. Når du ringer Giftinformasjonen, baserer vi råda på opplysningar frå deg. Kva som har skjedd, når uhellet skjedde, alderen til barnet og om det er symptom er viktig informasjon for å kunne vurdere faren for akutt forgifting. Du får råd om kva du bør gjere vidare, og om du kan sjå an heime eller må kontakte lege.

Giftinformasjonen si nettside finn du på www.helsenorge.no/giftinformasjon. Sidene inneheld meir informasjon om alt frå plantar, sopp, kjemikaliar og produkt til legemiddel og førstehjelpsråd. På nettsida finn du òg plakaten «Viss ulykka er ute», som kan bestillast eller lastast ned.